



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	971 492 910
Organisasjonsform:	Interkommunalt selskap
Foretaksnavn:	REGION SUNNHORDLAND IKS
Forretningsadresse:	Vabakkjen 6 5411 STORD

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2022 - 31.12.2022
-------------------------	-------------------------

Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Tora Haslum Myklebust
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	28.04.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 09.06.2024



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Tilskot	2	3 915 017	3 585 765
Andre inntekter	4	1 437 752	1 638 709
Prosjektilskot	3	3 716 974	
Overførte prosjektilskot	3	662 480	
Finansinntekter		41 462	749
Sum inntekter		9 773 685	5 225 223
Kostnader			
Lønskostnad	5	3 273 300	3 242 858
Avskrivning	6	20 994	18 391
Driftskostnad		1 857 404	1 758 792
Prosjektkostnad	3	4 379 454	
Sum kostnader		9 531 152	5 020 041
Driftsresultat		242 533	205 182
Netto finans			
Ordinært resultat før skattekostnad		242 533	205 182
Ordinært resultat etter skattekostnad		242 533	205 182
Årsresultat		242 533	205 182



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Driftsmidler	6	76 916	42 910
Sum varige driftsmiddel		76 916	42 910
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap		30 000	30 000
Kapitalinnskot KLP	7	147 554	130 169
Sum finansielle anleggsmiddel		177 554	160 169
Sum anleggsmiddel		254 470	203 079
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringer	8	204 494	369 189
Tilgode MVA		106 967	211 665
Andre kortsiktige krav		8 704	10 943
Sum krav		320 165	591 797
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot	9	3 745 640	3 212 346
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		3 745 640	3 212 346
Sum omløpsmiddel		4 065 805	3 804 143
SUM EIGEDELAR		4 320 275	4 007 222

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Innskoten egenkapital			
Selskapskapital	10	100 000	100 000
Sum innskoten egenkapital		100 000	100 000
Opptent egenkapital			
Annan egenkapital		2 326 347	2 083 814
Sum opptent egenkapital		2 326 347	2 083 814
Sum egenkapital		2 426 347	2 183 814
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
Periodiserte prosjektkostnader	3	1 162 474	499 994
Sum anna langsiktig gjeld		1 162 474	499 994
Sum langsiktig gjeld		1 162 474	499 994
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		215 432	695 842
Skuldige offentlige avgifter		218 679	277 443
Annan kortsiktig gjeld		297 343	350 130
Sum kortsiktig gjeld		731 454	1 323 415
Sum gjeld		1 893 928	1 823 409
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		4 320 275	4 007 223



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2023 397948

Enheten

Organisasjonsnummer: 971 492 910
Organisasjonsform: Interkommunalt selskap
Foretaksnavn: SAMARBEIDSRÅDET FOR
SUNNHORDLAND IKS
Forretningsadresse: Borggata 57
5417 STORD

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Mørselskap i konsern: Ja
Konsernregnskap lagt ved: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Tora Haslum Myklebust
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 28.04.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 13.05.2023



Organisasjonsnr: 971 492 910
SAMARBEIDSRÅDET FOR
SUNNHORDLAND IKS

RESULTATREGNSKAP

<u>Beløp i: NOK</u>	<u>Note</u>	<u>2022</u>	<u>2021</u>
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Tilskot	2	3 915 017	3 585 765
Andre inntekter	4	1 437 752	1 638 709
Prosjekttilskot	3	3 716 974	
Overførte prosjekttilskot	3	662 480	
Finansinntekter		41 462	749
Sum inntekter		9 773 685	5 225 223
Kostnader			
Lønskostnad	5	3 273 300	3 242 858
Avskrivning	6	20 994	18 391
Driftskostnad		1 857 404	1 758 792
Prosjektkostnad	3	4 379 454	
Sum kostnader		9 531 152	5 020 041
Driftsresultat		242 533	205 182
Netto finans			
Ordinært resultat før skattekostnad		242 533	205 182
Ordinært resultat etter skattekostnad		242 533	205 182
Årsresultat		242 533	205 182



Organisasjonsnr: 971 492 910
SAMARBEIDSRÅDET FOR
SUNNHORDLAND IKS

BALANSE

<u>Beløp i: NOK</u>	<u>Note</u>	<u>2022</u>	<u>2021</u>
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Driftsmidler	6	76 916	42 910
Sum varige driftsmiddel		76 916	42 910
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i datterselskap		30 000	30 000
Kapitalinnskot KLP	7	147 554	130 169
Sum finansielle anleggsmiddel		177 554	160 169
Sum anleggsmiddel		254 470	203 079
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringer	8	204 494	369 189
Tilgode MVA		106 967	211 665
Andre kortsiktige krav		8 704	10 943
Sum krav		320 165	591 797
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot	9	3 745 640	3 212 346
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		3 745 640	3 212 346
Sum omløpsmiddel		4 065 805	3 804 143
SUM EIGEDELAR		4 320 275	4 007 222
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	10	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		100 000	100 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		2 326 347	2 083 814
Sum opptent eigenkapital		2 326 347	2 083 814



Sum egenkapital	2 426 347	2 183 814
Gjeld		
Langsiktig gjeld		
Anna langsiktig gjeld		
Periodiserte		
prosjektkostnader	3	
	1 162 474	499 994
Sum anna langsiktig gjeld	1 162 474	499 994
Sum langsiktig gjeld	1 162 474	499 994
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	215 432	695 842
Skuldige offentlige		
avgifter	218 679	277 443
Annan kortsiktig gjeld	297 343	350 130
Sum kortsiktig gjeld	731 454	1 323 415
Sum gjeld	1 893 928	1 823 409
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	4 320 275	4 007 223



Organisasjonsnr: 971 492 910
SAMARBEIDSRÅDET FOR
SUNNHORDLAND IKS

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note
1

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslov og tilråding til god rekneskapskikk for mindre selskap i Noreg.

Note
5

Tal på årsverk i rekneskapsåret
4.10

Note
5

Spesifisering av resultatrekneskapen

Lønnskostnader

<u>Lønn</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	2453617.00	2326349.00
<u>Folketrygdavgift</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	405712.00	416439.00
<u>Pensjonskostnader</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	378624.00	486151.00
<u>Andre ytingar</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	35347.00	13919.00
<u>Sum lønnskostnader</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	3273300.00	3242858.00

Meir om årsverk og lønn

Selskapet har hatt 4,1 årsverk. 0,3 årsverk er knytt til prosjekt.

Note

Ekstraordinære inntekter og kostnader

Sum Beløp

Balanseført verdi 31.12. Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.

Signering - referat frå representantskapsmøte i Samarbeidsrådet

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Tofte, Silvia Iren (22.06.1976), signert 01.05.2023 med Signicat Sign BANKID_MOBILE
- Bergsvåg, Lars Olav (30.12.1954), signert 29.04.2023 med Signicat Sign BANKID
- Kallevåg, Inge Reidar (29.09.1958), signert 28.04.2023 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet innholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autenticiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.



SAMARBEIDSRÅDET
FOR SUNNHORDLAND



ID.40.23
THM/aat

REFERAT FRÅ MØTE I REPRESENTANTSKAPET I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
FREDAG 28. APRIL KL. 09.00 – 10.10 PÅ TEAMS

Desse møtte:

Austevoll:

Edvard Johannes Stangeland
Joon Raymond Haugland
Håvard Endre Waage

Bømlo:

Inge Reidar Kallevåg
Anne Torhild Johannessen
Torunn Laurhammer

Etne:

Siri Klokkestuen
Lars Olav Bergsvåg

Fitjar:

Bård Inge Sørfohn
Angunn Bårdsen

Kvinnherad:

Synnøve Solbakken
Gaute Lund
Silvia Tofte

Stord:

Tore Hatlevik
Torbjørn Brosvik

Frå Samarbeidsrådet møtte:

Ordførar Linn Therese Erve, Sveio kommune
Kommunedirektør Filippo Ballarin, Etne kommune
Kommunedirektør Gjermund Hagesæter, Fitjar kommune

Frå administrasjonen møtte:

Tora Haslum Myklebust
Anne Almås Tranøy

Regionrådet for kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes
A Postboks 444, 5403 Stord | T 412 17 024 | Orgnr. 971 492 910 | E firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no | W samarbeidsraadet-sunnhordland.no

Dokumentet er signert digitalt av:

- Tofte, Silvia Iren (22.06.1976), 01.05.2023
- Bergsvåg, Lars Olav (30.12.1954), 29.04.2023
- Kallevåg, Inge Reidar (29.09.1958), 28.04.2023

Forseglet av



Posten Norge

**Forfall:**

Kenneth Lyng Karlsen, Etne kommune – Grete Marit V. Maraas, Fitjar kommune – Sigbjørn Framnes, Stord kommune – Ruth Eriksen, Sveio kommune – Asle Halleraker, Sveio kommune – Arne Valen, Sveio kommune – Ingrid Tysnes Stue, Tysnes kommune – Ole Christian Kjerrgård, Tysnes kommune – Magne Storesætre

Då var føre:

Sak 01/23 Opning av møte. Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 02/23 Val av
- Referent
- Møtleiar
- To representantar til underskriving av protokoll
Sak 03/23 Godkjenning av årsmelding 2022
Sak 04/23 Godkjenning av årsrekneskap 2022
Sak 05/23 Godkjenning av handlingsplan 2023
Sak 06/23 Godkjenning av økonomiplan 2023-2026
Sak 07/23 Val av revisor
Sak 08/23 Val av representantskapsleiar og nestleiar
Sak 09/23 Orientering – omstrukturering av Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Sunnhordland 28. april 2023

Inge Reidar Kallevåg
Leiar – Bømlo kommune
sign. elektronisk

Silvia Tofte
Kvinnherad kommune
sign. elektronisk

Lars Olav Bergsvåg
Etne kommune
sign. elektronisk

Dokumentet er signert digitalt av:

- Tofte, Silvia Iren (22.06.1976), 01.05.2023
- Bergsvåg, Lars Olav (30.12.1954), 29.04.2023
- Kallevåg, Inge Reidar (29.09.1958), 28.04.2023

Forseglet av



Posten Norge



REFERAT FRÅ MØTE I REPRESENTANTSKAPET I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND FREDAG 28. APRIL KL. 09.00 – 10.10 PÅ TEAMS

Sak 01/23 Opning av møte. Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 02/23 Val av

- Referent
- Møteleiar
- To representantar til underskriving av protokoll

Det vart i møte sett fram følgjande forslag:

Referent:

- dagleg leiar Tora Haslum Myklebust

Møteleiar:

- Inge Reidar Kallevåg, Bømlo kommune

To representantar til underskriving av protokoll:

- Silvia Tofte, Kvinnherad kommune
- Lars Olav Bergsvåg, Etne kommune

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 03/23 Godkjenning av årsmelding 2022

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner årsmelding for 2022

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 04/23 Godkjenning av årsrekneskap 2022

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. Representantskapet godkjenner rekneskapen for 2022.
2. Overskot på kr. 242 533,- vert overført annan eigenkapital etter følgjande fordeling
 - Kr. 143 875,- til eigenkapital Samarbeidsrådet
 - Kr. 98 658,- til eigenkapital Visit Sunnhordland

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Tofte, Silvia Iren (22.06.1976), 01.05.2023
- Bergsvåg, Lars Olav (30.12.1954), 29.04.2023
- Kallevåg, Inge Reidar (29.09.1958), 28.04.2023

Forseglet av



Posten Norge



Sak 05/23 Godkjenning av handlingsplan 2023

På møte:

Det kom innspel om at dei 3 folkehøgskulane i Sunnhordland bør omtalast i handlingsplanen. Desse er moglege samarbeidspartnarar og det er viktig å gjere elevane godt kjent med regionen, spesielt med tanke på arbeidet med Bu i Sunnhordland / omdømmebygging.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner handlingsplan for 2023.

Nytt framlegg til vedtak:

1. Representantskapet godkjenner handlingsplan for 2023.
2. Representantskapet bed om at folkehøgskulane i regionen vert omtalt i neste handlingsplan.

VEDTAK

Samrøystes vedtak.

Sak 06/23 Godkjenning av økonomiplan 2023-2026

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner økonomiplan 2023-2026.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 07/23 Val av revisor

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet vedtek at RSM Norge AS held fram som revisor for Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS for 2023.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 08/23 Val av representantskapsleiar og nestleiar

På møte:

Det kom innspel om at det for perioden 2019-2021 har vore to representantskapsleiarar frå Etne.

Administrasjonen har korrigert og legg ved rett oversikt over leiarar og nestleiarar i perioden 2007-2021:

2007-2009	Edvard Johannes Stangeland, Austevoll	Lorentz Lunde, Tysnes
2009-2011	Lorentz Lunde, Tysnes	Wenche Tislevoll, Fitjar
2011-2013	Harald Rydland, Fitjar	Arve Opsanger, Kvinnherad
2013-2015	Arve Opsanger, Kvinnherad	Jarle Jacobsen, Sveio

Dokumentet er signert digitalt av:

- Tofte, Silvia Iren (22.06.1976), 01.05.2023
- Bergsvåg, Lars Olav (30.12.1954), 29.04.2023
- Kallevåg, Inge Reidar (29.09.1958), 28.04.2023

Forseglet av



Posten Norge



2015-2017 Ruth G. Østebøvik Eriksen, Sveio Lene Pilskog, Stord
2017-2019 Lene Pilskog, Stord Ingemund Berge, Etne
2019-2021 Siri Klokkestuen/Mette Heidi B. Ekrheim, Etne Inge Reidar Kallevåg, Bømlo

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. Representantskapet vel Joon Raymond Haugland, Austevoll kommune til leiar for Representantskapet for perioden 2023-2025.
2. Representantskapet vel Magne Storesætre, Tysnes kommune til nestleiar for Representantskapet for perioden 2023-2025.
3. Dersom det vert endringar blant dei valde til representantskapet etter valet i september 2023, skal det veljast nytt representantskap i desember 2023.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 09/23 Orientering – omstrukturering av Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Dagleg leiar orienterte om at det i løpet av året må skje ei organisasjonsmessig omstrukturering av Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS. Dette grunna nytt lovkrav i kommunelova, som gjeld regionråd.

Arbeidet er påbegynt og vil bli gjennomført i samarbeid med andre regionråd, der Samfunnsbedriftene v/jurist er vegleiar.

Sunnhordland 28. april 2023

Inge Reidar Kallevåg
Leiar – Bømlo kommune
sign. elektronisk

Silvia Tofte
Kvinnherad kommune
sign. elektronisk

Lars Olav Bergsvåg
Etne kommune
sign. elektronisk


Dokumentet er signert digitalt av:

- Tofte, Silvia Iren (22.06.1976), 01.05.2023
- Bergsvåg, Lars Olav (30.12.1954), 29.04.2023
- Kallevåg, Inge Reidar (29.09.1958), 28.04.2023

Forseglet av




Posten Norge



SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

ÅRSMELDING 2022



INNLEIING

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er eit interkommunalt selskap, eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Rådet har fokus på interkommunalt samarbeid og arbeider for kommunane sine rammevilkår og interesser. I det daglege fremjar Samarbeidsrådet samordna tiltaksarbeid i regionen med særleg vekt på samfunnsutvikling.

Me er pådrivar for betring av kommunikasjonstilhøva i regionen, og for kultur- og identitetsskapande tiltaksarbeid.

Samarbeidsrådet skal etablere faste møteplassar, vera til stades på viktige arenaer, sørga for at relevante aktørar har oppdatert informasjon og at dei som kan ha bruk for det, finn kvarandre. Det inneber og styrking av samarbeidet med naboregionane. Me skal vera proaktive og til stades der avgjerder for regionen blir tatt, og påverka på vegne av regionen i forkant av avgjerder. Me er og ansvarlege for ei samordna og effektiv marknadsføring av regionen, for å styrkja Sunnhordland som bu- og arbeidsregion – og for å gjera regionen attraktiv som reisemål for turistar.

Me starta 2022 med covid-restriksjonar og digitale møte med Hordalandsbenken, Næringsministeren, Fiskeri- og havministeren, Olje- og energiministeren og Samferdselsdepartementet. Me kunne omsider endeleg riste av oss dei siste covid-restriksjonane i februar 2022, og me fekk eit år fylt av fysisk aktivitet igjen. Alle arrangement som hadde vore utsett pga. pandemien skulle no utviklast. Det blei eit innhaldsrikt og lærerikt år, kor me jobba oss enda tettare saman med våre strategiske samarbeidspartnarar: Atheno, Hardangerrådet, Haugland Vekst, Vestland fylkeskommune og næringsråda i Sunnhordland. Me har og vore tett på Rogaland fylkeskommune og dei andre regionråda i Vestland.

Fokus i samhandling med våre strategiske samarbeidspartnarar, har i stor grad handla om korleis me kan saman tiltrekke oss kompetanse til vestlandet og

fastankre den her. Skal me minske kompetanselekkasjen til Osloregionen, så Vestlandet gjere eit solid løft saman! I tillegg har me hatt havvind og det grønne skiftet høgt på agendaen, og me har sjølvsaugt samarbeidd om samferdsel og kollektivtransport.


2022 blei endringa sitt år. Regionrådet vedtok på slutten av året å skifte namn til Sunnhordlandsrådet IKS. Eit kortare og meir beskrivande namn. Å gjennomføre ei namneendring i offentleg sektor tar tid. Prosessen er enda ikkje heilt i mål og vil fortsetje inn i 2023, med godkjenning i alle kommunestyra og registrering i Brønnøysundregisteret. I denne årsmeldinga nyttar me Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Samarbeidsrådet har og valt å samlokalisera seg med Atheno. Rett før jul kunne me flytte inn i nyoppussa lokale på Vabakkjen 6 (Stord). Atheno er den regionale aktøren for næringsutvikling i Sunnhordland. Regional næringsutvikling og samfunnsutvikling må gå hand i hand! I tillegg til samlokalisering, blei det difor vedtatt å opprette eit felles prosjekt mellom Atheno og Samarbeidsrådet, med oppstart september 2022, for å sikre at me drar i felles retning når det kjem til å tiltrekkje oss kompetanse, fastankre kompetansen og bygge gode ambassadørar for Sunnhordland. I fellesskap merkevearebyggjer me regionen og utviklar buattraktiviteten. Dette er eit langsiktig arbeid som vil krevje eit høgt fokus og samarbeid i tida frametter. Til å leie det nye fellesprosjektet har me fått med oss prosjektleiara Nina Matre.

Denne årsmeldinga viser kva Samarbeidsrådet for Sunnhordland har arbeidd med i 2022.


Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar





INNHALD

4
7
8
9
12
14
16



REGIONAL UTVIKLING

Samarbeidsrådet er ein sentral regional utviklingsaktør og eit politisk samarbeidsorgan som driv aktiv påverknad for å sikra regionen og den einskilde kommune sine interesser i regionale og nasjonale spørsmål. Samarbeidsrådet for Sunnhordland er eit samarbeidsorgan som skal jobba for innbyggjarane i heile regionen. For å oppnå regionale utviklingsmål, så krev det at Samarbeidsrådet for Sunnhordland jobbar tett saman med ulike strategiske partnrar. I 2022 hadde me eit særskilt fokus på å etablere gode samarbeidsprosjekt med Atheno AS, Haugaland Vekst IKS og Hardangerrådet IKS. I tillegg har me hatt eit auka fokus på vår leveranse til Vestland fylkeskommune, og tatt ei aktiv rolla i å sette fokus på saumlause tenester og tettare samarbeid mellom Rogaland og Vestland fylkeskommune.

Atheno AS

Atheno AS er den regionale aktøren for næringsutvikling i Sunnhordland. For å lukkast med Samarbeidsrådet for Sunnhordland sine prosjekt som Bu i Sunnhordland, Visit Sunnhordland og Geopark Sunnhordland, er det svært nyttig å jobbe godt i grensenittet mellom samfunnsutvikling og næringsutvikling. Regionrådet vedtok i 2021 samlokalisering med Atheno, for å sikre eit enda tettare samarbeid. I desember 2022 flytta me inn i nyoppussa lokale på Vabakkjen 6, saman med Atheno. Synergieffekten ved å sitte samlokalisert i det daglege virke er stor.

Saman med Atheno har me oppretta eit nytt felles prosjekt, som starta ut i september 2022, med nyttilsette Nina Matre som prosjektleiar.


Prosjektet bygger vidare på Samarbeidsrådet sitt prosjekt Bu i Sunnhordland og Atheno sitt prosjekt Ung Tekno. Prosjektet har som overordna mandat å tilrettelegg kompetanse og fastanekre kompetansen i regionen, samt å skape felles engasjement hjå næringslivet og kommunane. Saman skal me regionale aktørar jobba for at me drar i felles retning, har eit felles språk når me kommuniserer og me skal skapa gode ambassadørar for regionen vår. Saman med kommunane og næringslivet må me til ei kvar tid vere gode ambassadørar for kvarandre og for regionen. Dette prosjektet begynte å ta form i 2022, men vil lande si endelege form i løpet av 2023. Arbeidet skjer i tett dialog med dei åtte næringsråda i regionen og Invest In Sunnhordland.

Haugaland Vekst IKS

Sunnhordland deler i stor grad bu- og arbeidsregion med Haugalandet, med ein svært lik industriprofil. Olje- og gassektoren, samt maritim sektor er dominerande på Haugalandet og i Sunnhordland. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS har saman med Haugaland Vekst IKS starta eit arbeid med å sette storregionen på kartet som den nasjonale havregionen, med eit særskilt fokus på havvind. Haugaland Vekst har tilsett ein eigen havvindkoordinator. I 2022 oppretta Atheno prosjektet Invest In Sunnhordland. Prosjektet er leia av Lene Pliskog og har som overordna mandat å tilrettelegg næringsetableringar til regionen. Prosjektet har ei eiga faggruppe for havvind, og har etablert tett dialog med Haugaland Vekst sin havvindkoordinator Tora Eide.



Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS har og saman med Haugaland Vekst IKS tatt ei aktiv rolla i sette fokus på saumlause tenester og tettare samarbeid mellom Rogaland og Vestland fylkeskommune. I 2022 gjennomførte me tre felles regionrådsmøte med Haugaland Vekst. På to av møta deltok og Rogaland og Vestland fylkeskommune. Me hadde og eit felles arrangement under Arendalsuka 2022, med fokus på havvind og korleis lukkast med utviklinga vidare saman, kor begge fylkeskommunane deltok.



Hardangerrådet IKS

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS har oppretta ein tett dialog med alle regionråda i Vestland fylke, gjennom felles møte. Til liks med Haugalandet, så deler Sunnhordland bu- og arbeidsregion med Hardanger, derav har me eit ekstra tett samarbeid med Hardangerrådet IKS. I tillegg til at me deler bu- og arbeidsregion, så deler me ein av verdas vakraste fjordar; Hardangerfjorden! Den er svært viktig for reiselivet vårt. Hardangerfjorden ber preg av plastforureining over mange år, så i 2022 gjennomførte me saman med Hardangerrådet IKS og Framtidshavet, tidenes største plastyddeaksjon. Den 15. september blei det gjennomført tyddeaksjonar frå innerst i fjorden og heilt ut til havgapet.

2381 frivillige deltok med å rydde plast, fordelt på 168 lokasjonar. Ca. 100 båtar var i aksjon og frivillige kom både frå lokale område og langvegsfrå. Nokon hadde tatt vegen heilt frå Italia, Sveits, Tyskland og Ungarn for å vere med å rydde verdas femte lengste fjord. 45 bedrifter deltok med både rydding og økonomi.

Det blei totalt rydda 1004 km strandlinja og 20,2 tonn plast. All plast som vart rydda blei sortert i ulike fraksjonar av miljøbedrifta Ogoori. Store deler av plasten gjekk til gjenvinning, samt noko råmateriale blei leidd ut til bedrifter. Dette råmaterialet må bedriftene levere tilbake når det ikkje skal brukast lenger, for å sikre at plasten ikkje hamner i fjorden igjen. Det er og starta ut eit forskingsprosjekt på mikropplast i fjorden med NORCE som prosjektleiari.


I tillegg til rydding blei det arrangert to konferansar om bord på Salmon Eye den 14. september: Fjorden Ung og Fjorden Future Club. Det helle blei avslutta med konsert og utdeling av ein heilt ny miljøpris – Fjorden Ung den 16. september.

Prisen blei utdelt av ungdomsråda i Hardanger og Sunnhordland, og gjekk til to ungdommar frå Kvinneherad, som gjorde ein ekstraordinær innsats under ryddeaksjonen: Nils Ivar Mehl Vorland og Alexander Gørbitz.

Aksjonen i 2022 var fyrste av fem. I tillegg til gode resultat, skapte aksjonen samhold og den var eit viktig ledd for omdømearbeidet i regionen vår. Aksjonen fekk stor merksemd både regionalt, nasjonalt og utanlands. Vestland fylke kom best ut på plastydding i landet, truleg pga. denne aksjonen. Rein Hardangerfjord var ein vill ide, som blei mogeleg takka vera initiativtakarane i Framtidshavet og eit samarbeid på tvers av dei 13 kommunane som omkransar Hardangerfjorden. Me berre gjorde det!

Sjå www.reinhardangerfjord.no for meir informasjon om aksjonen.






Vestland fylkeskommune

Samarbeidsrådet har arbeidd langsiktig for å få fleire funksjonar i nye Vestland lagt til Sunnhordland, særleg ein avdeling for næring, men og funksjonar knytt til samferdsel og kompetanse. I 2022 oppretta Vestland fylkeskommune to årsverk med arbeidsstad Stord. Dette to stillingane rapporterar til fylkeskommunen sin avdeling for Næring og innovasjon. Fylkeskommunen har lyst ut ytterlegare to årsverk med oppstart i 2023. Dette er ei svært positiv utvikling.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er opptekne av å synleggjera at Sunnhordland er eit kraftsenter i Vestland. Me opplever at dialogen med Vestland fylkeskommunen er blitt betre og regionrådet har i 2022 lagt saka som omhandla å vurdere bytte av fylke til sides. Avgjersla blei og underbygd av Sveio kommune sitt kartleggingsarbeid og folkeavstemming i januar 2022, kor fleirtalet stemte for at Sveio blei verande i Vestland fylkeskommune.

I mai 2022 møtes alle regionråda til felles møte kor Vestland fylkeskommune deltok, med fokus på å etablere ein fast møtearena samrt ny partnerskapsavtale. Me hadde og oppe temaet demografiutfordringar, med fokus på å tiltrekke oss kompetanse til vestlandet. Hausten 2022 kom det på plass ein ny partnerskapsavtale mellom regionråda og fylkeskommunen avd. Næring og innovasjon.





BULYST

Ei av dei viktigaste oppgåvene me skal løyse i Samarbeidsrådet for Sunnhordland ligg i bu- og omdømeprosjektet Bu i Sunnhordland. Eit overordna prosjekt for regional utvikling, kor næring og samfunnsutvikling møtes. Omdømebygging av Sunnhordland er eit langsiktig arbeid for å rekruttere nye innbyggjarar og arbeidstakarar til Sunnhordland. Regionen vår har eit god utval av arbeidsplassar å tilby, men manglar både på kort og lang sikt nok folk med rett kompetanse. Det var også ein av barrierane rapporten Grøn region Sunnhordland peikar på.

Rekordlåg arbeidsløysa førte i 2022 til at me måtte endre innhaldet i prosjektet Bu i Sunnhordland. Det var ikkje lenger nok å arrangere to årlege Sunnhordlandstreiff og være synleg i sosiale media. Me konkluderte og med at eit slikt prosjekt burde skje i grensesnittet mellom samfunn- og næringsutvikling, og inngjekk avtale med Atheno.

I september 2022 gjekk startskotet for samarbeidsprosjekt mellom Samarbeidsrådet og Atheno. Eit langsiktig prosjekt der ein saman med kommunar og næringsliv skal bygge ein attraktiv region. Ein felles region med felles framtid, der føremålet er å tiltrekkje seg og behalde arbeidskraft i regionen. Prosjektet har blant anna tatt utgangspunkt i to av dei fem identifiserte barrierane i rapport «Grøn region Sunnhordland», ein rapport utarbeidd av Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge.

1. Utfordrande å få tilgang på kvalifisert arbeidskraft.
2. Manglande samarbeid og oppleving av å vera ein region.

I fellesskap skal ein omstille regionen for å gjere dei naudsynte prioriteringane og tiltaka som skal til for å tiltrekkje seg, behalde og utvikle arbeidskraft. Gjennom felles langsiktig strategi for kommunar, næringsliv og utdanning skal me samarbeide for å tiltrekkje seg og

behalde kvalifisert arbeidskraft, og skape ei felles oppleving av å vera ein region med ei styka gjennomføringsevne. Rekruttere og utvikle eksisterande utdanning slik at ein kan ta del i dei nye grøne verdikjødene og bruk av ny teknologi.

Frå september til desember har det vore ei kontinuerleg utvikling i prosjektet for å skapa dei beste resultatane. Prosjektet skal jobba med ulike typar aktivitetar som til ei kvar tid er formålstenleg for å skapa dei beste resultatane med eit langsiktig mål om at ein over tid knyter nettverk og skapar engasjement for regionen blant unge.


Hausten 2022 deltok Bu i Sunnhordland på ulike arrangement der unge er samla.

Yrkesfagdag med 9. og 10. trinn frå regionen, og «Heim til jul» på Bømlo med studentar. Ein har damna nettverk med næringsliv, hatt oppstartsmøte for Ung Tekno med involverte skular og bedrifter, delatt på Hardanger-/Bømlo-/Kvinherad-konferanse. Ein har starta planlegging av ny oversiktleg og brukarvennleg nettside for unge og foreldre. Utarbeiding av Trainee Sunnhordland-program, eit attraktivt program å søke på som gir positive ringverknader for involverte bedrifter. Samtidig som det styrkar omdøme for ein felles region.

Det er laga eit årshjul som beskriv aktivitetar i Bu i Sunnhordland, der hovudmålet er i fellesskap å marknadsføre ein felles region.

Årshjulet inneheld:

- Messer nasjonalt
- Russe- og læringlunsj
- Ung Tekno
- Trainee Sunnhordland (oppstart 2024)
- Foreldreinformasjon, via nettside og film
- Kurs for involverte kommunar og bedrifter
- Jamlege treff for involverte kommunar og bedrifter



KOMPETANSE

Privat næringsliv og offentlig sektor i Sunnhordland står no i ein situasjon kor ein har rikeleg med arbeidsplassar og lærlingplassar, men regionen manglar hender og hovud med rett kompetanse til å fylle desse arbeidsplassane, både på kort og lang sikt. Sunnhordland har gjennom fleire tiår bygd opp ein industrikompetanse innan maritim verksemd og olje- og gass som vert etterspurt i prosjekt over heile verda. Industrinæringa sin kompetanse spelar no ei svært viktig rolle inn i det grøne skiftet. Dette fører til ei markant endring i kompetansestrukturen i industrien.

Vestland fylkeskommune har vedteke «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft», der regionale team står for oppfølging av planen. Samarbeidsrådet er sekretariat for Kompetanseforum Sunnhordland, og rapporterer inn til Kompetanseforum Vestland. Mandat for Kompetanseforum Sunnhordland:

- Ha oversikt over den lokale arbeids- og utdanningsmarknaden
- Fange opp lokale kompetansebehov og bidra til at det vert utvikla relevante utdanningstilbod
- Gje innspel på kompetansebehov til Kompetanseforum Vestland årlig
- Dele gode prosjekt/«beste praksis»
- Bidra til ei heilskapleg karriererettiling
- Bidra til å få fleire læreplassar og lærebedrifter
- Gje innspel til «Kompetanseforum Vestland» på saker som ikkje kan løysast lokalt

For at alle næringar skal bli best mogeleg ivarettat når me kartlegg kompetansebehov i regionen vår, så blei det i 8. november 2022 vedtatt nokon justeringar i arbeidsgruppa.

Den nye arbeidsgruppa til Kompetanseforum Sunnhordland består av:

- Dei 8 næringsråda i Sunnhordland (Austevoll næringsråd, Bømlo næringsråd, Fiske næringsforening, Fitjar næringsråd, Kvinnherad næringssservice, Stord næringsråd, Sveio næringsråd og Tysnes næringsråd)
- Atheno
- Helse Fonna
- HVL
- Invest in Sunnhordland
- Karriere Vestland, avd. Sunnhordland
- NAV
- NITO Sunnhordland
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- Kompetanseforum Vestland

I tillegg til faste møte med hovud-arbeidsgruppa blei det gjennomført møte med opplæringskontora og rektorar i vidaregåande skular. Arbeidet fortset i 2023.

Sunnhordland har godt med lærlingplassar, men opplever å ikkje få tak i nok lærlingar. I 2021 søkte Sunnhordland kompetanseteam i lag med opplæringskontor og kommunane i regionen, midlar hjå Vestland fylkeskommune, til å marknadføre skular og yrker for å rekruttere fleire elevar/lærlingar. Ein fekk innvilga søknaden på kr. 346 500,-.

Midlane blei nytta i 2022 til å marknadføre skulane og yrkene for å rekruttere fleire elevar/lærlingar. Målgruppa var 10. klasse og hensikta var å trygge elevane i eit meir kvalifisert val av utdanning. Samt auka tal elevar til yrkesfag. Arrangementa blei gjennomført vinter/vår 2022 og haust 2022 saman med opplæringskontora, næringsråda og kommunar.





REISELIV

Hovudoppgåvene i reiselivsarbeidet i Sunnhordland er marknadsføring og informasjon, produktutviklingsprosjekt og kontakt med kommunar, bedrifter og andre.

Året 2022 var prega av aukande straumprisar og aukande driftskostnader, men Visit Sunnhordland fekk gjennomført fleire aktivitetar gjennom året for å halde interessa blant reisande og akørane i reiselivet i regionen oppe.

BIO-midlar

Visit Sunnhordland fekk i 2021 tildelt BIO-midlar til kompetansehevande kursing innan merkevarebygging, berekraft i kjøkkenet og vertskap. Dette er meint som eit tiltak for å løfte kompetansen i bransjen og for at dei som har stått i fare for eller har vore permittert skulle få eit løft. Merkevarekurset og berekraft i kjøkkenet vart gjennomført i starten av 2022 i Kvinnherad, Austevoll og Fitjar.

Deltakardriven produktutvikling

I 2019 fekk Visit Sunnhordland tildelt midlar til prosjektet Deltakardriven produktutvikling. Prosjektet kom i gang like før koronaen ramma landet. Prosjektet vart tatt opp igjen i 2022 og 2 av dei opprinnelege delprosjekta vart gjennomført. Delprosjekt 1 - Kystoppleving-prosjektet vart gjennomført med visningstur våren 2022 og turar for turistar sommaren 2022. Delprosjekt 2 - Lage felles teambuldings-aktivitetar for hotella i Sunnhordland. Samling vart gjennomført på Stord Hotell våren 2022.

Ny heimeside med Fjord Norway

Årskiftet 2021 og 2022 lanserte Visit Sunnhordland ny heimeside saman med Fjord Norge og 8 andre destinasjonar i Fjord Norge.

I det første året har Fjord Norge-plattformen i fellesskap med dei andre destinasjonane oppnådd følgjande resultat:

Besøk: 1 965 421

Sidevisningar: 3 270 028

Fordelinga på dei som besøker sidene er frå Norge (51 %), Tyskland (11 %), USA (11 %) og Storbritannia (8 %).

Visit Sunnhordland har fått eigne kampanjesider, og kjøpte første kampanje påske 2022 som nådde ca. 18.000 individuelle brukarar.

Kulturtilbod er ein viktig del av reiselivstilbodet og eit av satsingsområda til Visit Sunnhordland. Med ny heimeside fekk me ny og betre arrangementskalender. Denne er den tredje mest besøkte sida til visitsunnhordland.no.

Sunnhordlandkartet 2022

I 2022 vart Sunnhordlandskartet oppdatert og trykt i ca. 30 000 eksemplar på eit berekraftig rispapir.

Dette er distribuert til heile regionen og turistinformasjonen i Bergen, Haugesund og Stavanger.


Sosiale media

Sosiale media er ein viktig profileringskanal for Visit Sunnhordland. Instagram-kontoen hadde i 2022 ei auke på 7,8% følgjarar og Facebook hadde ei auke på ca. 4% nye følgjarar.

Me kjøpte 5 annonseringar (påske, vinterferie, sommarferie og haustferie og jul) på Facebook, Messenger og Instagram i løpet av året som nådde eit samla publikum på ca. 45.000 visningar og 1600 lenkeklikk vidare til nettside.

Våren 2022 gjennomførte Visit Sunnhordland nybegynnarkurs i bruk av sosiale media. Dette for å auke kunnskapen om synlighet i sosiale media.





Gruvene på Litlabø

Visit Sunnhordland var med og marknadførte «Gruvene på Litlabø» for deiira første kommersielle sommersesong. Med i samarbeidet var Sunnhordland Museum, Venelaget for gruvene, Geopark Sunnhordland og Stord kommune. Første sesong blei ein suksess med ca. 1000 besøkande.

Workshop frontlinje-personell Bergen

Visit Bergen arrangerer kvart år i mai ein informasjonskveld for å oppdatere frontpersonell i overnattingsbedrifter, trafikkterminalar, attraksjonar, turistinformasjonar etc. før sesongstart. Visit Sunnhordland var med og representerte Sunnhordlandsregionen og stod saman med Visit Voss og Visit Hardangerfjord.

Sommar kick-off for turistvertar og reiselivserksemder

I juni arrangerte Visit Sunnhordland ein informasjonsdag i møtelokala til Samarbeidsrådet. Føremålet med dagen var å gje turistvertane i heile regionen kunnskap om kva Sunnhordland har å by på som eit reisemål, slik at dei er godt førebudde til å ta imot turistar når sommaren kjem. Kvar kommune presenterte opplevingar i sin kommune, og reiselivsansvarleg hadde ein generell presentasjon som hadde fokus på fyrårm og konkrete salbare opplevingar i Sunnhordland.

Merket for Berekraftig reisemål

Visit Sunnhordland vart godkjent «Bekraftig Reisemål» sommaren 2021. I april 2022 leverte Visit Sunnhordland sin første årsrapport på arbeidet. Visit Sunnhordland deltok i mars 2022 på «Samling for Berekraftig Reisemål» på

Lillehammer i regi av Innovasjon Norge.

I 2022 vart det på initiativ frå Suldal vekst oppretta ei ressursgruppe og seinare etablert eit bedriftsnettverk for oss som jobbar med merket for berekraftig reisemål. Dette er ei viktig ressursgruppe for Visit Sunnhordland å få vere ein del av.

NTW 2022

Visit Sunnhordland deltok i april på NTW (Norwegian Travel Workshop) i Kristiansand. NTW er den største nasjonale messa retta mot nasjonale og internasjonale turoperatørar. Visit Sunnhordland deltok med stand. I forkant av messa hadde me inngått avtalar med relevante turoperatørar. Desse avtalane er følgd opp i etterkant av messa, med oppfølging av informasjon om region og aktørar.


Visningsturar og presse

Dette er eit satsingsområde som er særst viktig for at Sunnhordland skal bli kjent som turistdestinasjon. Bestillingane på desse turane kjem oftast frå Fjord Norge og Innovasjon Norge, som har anbefalt vår region til turoperatørar og presse. I 2022 fekk me ein vellukka pressetur frå Porsche-bladet i juni. Dette resulterte i heile 4 artiklar og 6 sider i trykkversjonen av Porsche-bladet.

Visit Sunnhordland har jobba tett i lag med dei andre destinasjonsselskapa i dei tre fylka som utgjer Fjord Norge, både i regi av Fjord Norge, men og åleine eller saman med Vestland Fylkeskommune.

Me har hatt møte kvar veke, både mellom destinasjonssjefane og dei marknadsrådsansvarlege. Dette er noko me vil halda fram med.





Geopark Sunnhordland

Hovudoppgåvene i 2022 har vore å synleggjere geoparken så godt som mogleg med dei ressursane me har hatt til rådvelde, samt å gjennomføre kontrollbesøket frå UNESCO på slik måte at det styrka vår søknad til UNESCO Global Geoparks Network. Besøket vart gjennomført i slutten av august, med to representantar for UNESCO samt heile Fagrådet. Universitetet i Bergen stilte med stor RIB vederlagsfritt. Ordførarane i alle kommunane me var innom møte oss og helsa kontrollørane velkomne. Alle sunnhordlandskommunane bidrog kvar med kr. 10.000,- til dekning av kostnader. I møtet til fagjuryen til UNESCO Global Geoparks 8. desember 2022 vart vår søknad innstilt til endeleg godkjenning som UGGp. Slik godkjenning vil bli gjeven i UNESCO sitt hovudstyre i mai 2023.

Det er etablert god samarbeid mellom Geopark Sunnhordland og dei andre norske geoparkane samt UNESCO-verdsarv og biosfærepark i Vestland fylke. Det vart lobbyert både felles og individuelt opp til politikarar på næsjons- og fylkesnivå samt embetsverk om å etablere statsstøtte til geoparkane med UNESCO-status.

Geoparken fekk 100.000 frå ERASMUS+ for studietur der lokalmatproducentar, matfaglærarar og reiselivsaktørar skulle sjå korleis lokalmat vart produsert, promotert og distribuert i andre UNESCO-geoparkar. 8 relevante aktørar vitja Toscana UNESCO Global Geopark i september. Dette gav inspirasjon og erfaringar, og munna óg ut i eit samarbeid mellom 6-klassar i Toscana og Moster. Geoparken samarbeider elles med HVL, samt barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular (formidling). Ved utgangen av 2022 er det 10 signerte partmarskap i geoparken.

Geopark Sunnhordland var delaktig i planlegging og guideoppføring for sommarguidinga ved Storda kisgruver sommaren 2022, og er innleigd for organisering av guiding frå 2023-25.

Det er søkt og vart tildelt forskingsmidlar hos Forregion Vestland (Vifk) til forprosjekt som skal finne svar på «korleis gjere Geopark Sunnhordland til eit attraktivt reisemål». Dette vart eit viktig prosjekt for oss i 2023 som skal/kan legge grunnlag for eit større Hovudprosjekt.


Det er starta prosess med Atheno og Innovasjon Norge med tanke på å etablere eit bedriftsnettverk mellom reiselivsbedrifter i Sunnhordland. Dette kan gje ei løysing på ressurs til obligatorisk geologstilling. Søknaden vart ikkje ferdig i 2022.

34 skilt er skrivne av dagleg leiar i samarbeid med Fagrådet og produsert av Arkeoplan. Det er no solide geoparkskilt i Bømlo, Etne, Austevoll, Stord, Kvinnherad og Fijfjar. Statens Vegvesen har sett opp tilvisingsskilt til infoskilt på parkeringsplassen på Digernes.

Ny nettside www.geoparksunnhordland.no er laga. Turguide med kart på tre språk er produsert. Formidlingsitaka er finansiert med totalt 1 mill. i støtte frå SIM, Lundin Energy, Sparebanken Vest, Miljødirektoratet og Finnås Kraftlag (oppsamla frå 2021 og 2022).

Rekneskapan viser eit årsresultat på kr. 5.1.689,-. Driftsinntektene kjem frå kommunetilskota samt kr. 250.000,- frå Vifk. Utgiftene er i all hovudsak til løn til dagleg leiar, formidling og UNESCO-besøket.





INFRASTRUKTUR

Arbeidet med å betra samferdsleløysingane internt i regionen og mot omverda er eit viktig fokusområde for Samarbeidsrådet for Sunnhordland. God infrastruktur er ein avgjerande faktor for at regionen skal lukkast på kort og lang sikt, i arbeidet med å skaffe nok og rett kompetanse til næringslivet og regionen vår. Samferdsleprosjekt er eit langvarig arbeid, kor ein helle tida må vera proaktiv og ta dei aksjonane som er naudsynte. Me har i året som har gått vore ein aktiv pådrivar for å sikra felles regionale prioriteringar innanfor sektoren, og har arbeidd med å utvikla gode samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen, naboregionane og næringslivet. Den 18. januar 2022 hadde me møte med Samferdselsdepartementet. Prioriterte saker i møte var ferjefri E39, vintersikker E134, Sunnfast, ferjeavløysingsordninga og flyplass.

Ferjefri E39

Realisering av ein ferjefri kyststamveg E39 er ei sentral arbeidsoppgåve for Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Det handlar om realisering og oppstart av E39 Hordfast i første fireårsperiode av NTP, samt å sikra finansiering av planlegging og oppstart av E39 frå Bokn til Ådland i NTP.


Hordfast er eit av dei mest samfunnsøkonomiske samferdselsprosjekta i landet, og vert anbefalt med topp prioritet av Statens Vegvesen. Eit samla næringsliv i regionen vår treng ferjefri E39 gjennom Hordfast meir enn nokon gong. Me har hatt aktiv dialog med Statens Vegvesen, samferdslededepartementet, fylkes- og stortingspolitikkarar, og vore til stades på alle relevante arenaer der dette har vore eit tema.

Kommunikasjonsmessig har det vore viktig å få fram samfunnsnytta ved bygging av Hordfast, at ulike prosjekt i Vestland ikkje må seiast opp imot kvarandre, at Hordfasttraseen no er satt, at Hordfast vil føra til reduksjon i klimagassutslepp og energibruk, og at Sunnhordland har teknologi og kompetanse som må nyttast i utvikling og bygging av bruene over Langenuen og Bjørnafjorden.

Vintersikker E134

E134 Haukelivegen er den viktigaste aust – vest korridoren, og ei utbetring av denne vegen vil gi raskare, rimelegare og tryggare transport, i tillegg til at regulariteten aukar, og det vert mindre klimautslepp. For oss er det eit mål at E134 over Haukelifjell handsamast som eitt prosjekt, både i planarbeidet og økonomisk. I 2022 har me hatt eit særskilt fokus på tunnel mellom Røldal – Seljestad, transportnærings sine utfordringar på strekninga Bakka - Solheim i Etne og KVU-arm til Bergen.





Sunnfast

I 2021 gav samarbeidsrådet støtte til prosjektet Sunnfast, som det mest realistiske alternativet for å knyte saman Kvinnherad og Stord, og store delar av regionen vår. Det har i mange år vore jobba med innkorting av ferjesamband mellom Stord og Kvinnherad, utan at det har gjeve resultat. Samarbeidsrådet støttar difor ferjeavløysingsprosjektet Sunnfast. Prosjektet skal knyte Kvinnherad saman med resten av regionen ved å bygge fast samband mellom Kvinnherad og Huglo i Stord kommune, og vidare mot Tysnes og nye E39.

Ny forbindelse mellom Austevoll og E39 over Reksteren

Samarbeidsrådet støttar arbeidet med å utgreie korleis Austevoll kan kople seg på ny E39 over Reksteren. Mot slutten av 2022 vart det levert moglegheitsstudiar for dei to tilkoplingsmoglegheitene bru og ferje og i løpet av 2023 skal rapportane behandlast av dei berørte kommunane og fylkeskommunen. Prosjektet vil redusere reisetida til og frå Austevoll og betre kommunikasjon betydeleg samanlikna med dagens situasjon.


Fylkesvegnettet og ferjesamband

I innspelet vårt til regional transportplan 2022-2033 har me og presisert at ferjeprogrammet må tydeleggjerast i planprogrammet. Innan ferjeavløysing er ein realitet, er regionen avhengige av seinare avgangar. Dette vil gjere det mogleg for innbyggjarane å nytta seg av kulturtilbod og anna i regionen. Me har og arbeida for å sikra midlar til rassikring av fylkesvegnettet, særleg for fylkesveg 48 i Kvinnherad og Etne.

Betring av logistikk

Reiselvsnæringa i Sunnhordland har vore ei tydeleg røyst i høve til å betre samferdsletilbodet i regionen. Mangel på ferjeavgangar gjer at næringsa slit. Dette gjer at kulturprogram ikkje er tilgjengeleg for alle som ynskjer å delta. Reiselivet sitt potensial på snøggbåtruta mellom Bergen og Sunnhordland, og internt i regionen, er ikkje utnytta godt nok, noko som og er peika på i eit eige vedtak i fylkesutvalet. Dette jobbast det vidare med.





SAMARBEIDSRÅDET I TAL OG FAKTA

ØKONOMI

Finansinntekter/utgifter

Inntektene i 2022 er på kr. 9 777 478,- inkludert renteinntekter. Kostnadene i 2022 er på kr. 9 534 945,-. Dette gjev eit overskot på kr. 242 533,-. Eigendelane er på kr. 4 320 275,-.

Av dette er eigenkapitalen på kr. 2 426 347,-. Der kr. 1 759 122,- er knytt til Samarbeidsrådet og kr. 567 225,- er knytt til Visit Sunnhordland.

Rekneskaperen er sett opp med føresetnad om fortsett drift, og styret stadfester at føresetnaden er til stades.

Rekneskapsfører og revisor

Samarbeidsrådet har kjøpt rekneskapsstenester hjå ECIT Stord AS, RSM Norge AS har revidert rekneskaperen og årsavslutninga.

ORGANISASJON

Administrasjon

Tora Haslum Myklebust, dagleg leiar (100%).

Anne Almås Tranøy, controller/rådgjevar (100%).

Hilde Eide Helland, reiselivsansvarleg (100%).

Anne Synnøve Lønne, marknadsansvarleg (80%)

Nina Matre, prosjektleiar (50% frå 1. sept. 2022)

Geopark Sunnhordland AS, dotterselskap

Brynjar Stautland, dagleg leiar (100%)





Arbeidsmiljø

Det er eit godt arbeidsmiljø i administrasjonen og mellom styre og administrasjon.

Ytre miljø

Verksemda påverkar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Det er 5 kvinner i administrasjonen.

I styret har det i 2022 vore 2 kvinner og 1 mann.

Lokalitetar

Administrasjonen i Samarbeidsrådet for Sunnhordland leiger i

Risangården, Borggata 57 på Leirvik, Stord. I desember 2022 flytta administrasjonen til Vabakkjen 6, Stord.

Styresamansetnad 2022

Ordfører **Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim**, Etne kommune, leiar

Ordfører **Linn Therese Erve**, Sveio kommune, nestleiar


Ordfører **Sammy Olsen**, Børnlo kommune, medlem

Ordfører **Gaute Straume Epland**, Stord kommune, varamedlem

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Samarbeidsrådet består av ordførerar og rådmenn/kommunedirektørar i Sunnhordland.

Ordfører og rådmann i Haugesund og Vindafjord kommunar er observatørar.



Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim

Styrelleiar

Linn Therese Erve

Nestleiar

Sammy Olsen

Medlem



TANKAR OM FRAMTIDA


Årsmeldinga teiknar eit bilete av ein region som både på kort og lengre sikt vil oppleve store utfordringar rundt det å tiltrekke seg nok folk med rett kompetanse og fastankre dei i Sunnhordland. Det høstar difor med at me som region klarar å synleggjera Sunnhordland saman. For å lukkast med eit slikt arbeid vil det krevje eit langsiktig fokus, kor både offentleg sektor, privat næringsliv og frivilligheita trekk i same retning. Ein må være gode ambassadørar for regionen, men og løfte fram kvarandre sine verksemder og aktivitetar.

Det er svært lett å snakke om samarbeid og viktigheita av FN's berekraftsmål nr.17, men å faktisk onsette det i vårt daglege arbeid kan vere utfordrande. Det vil krevje at me tenkjer større enn Sunnhordland. Skal vestlandet bli eit godt alternativ til Osloregionen, slik Victor Norman peikar på i Demografutgreinga, når det kjem til å tiltrekke oss kompetanse og nyetableringar, så krev det eit felles fokus frå Bergen til Stavanger. Det er her det store potensialet ligg!

Eit bu- og omdømearbeid består av mange små og store element som alle er svært viktig for å lukkast. Men det er tre viktige faktorar som me vil fokusera ekstra på i 2023. Me skal knytte tettare band til ungdommane i regionen, me skal auka tal samarbeidspartnarar i prosjektet og me skal fortsette å vere proaktive og fremja regionen sine samferdsleinteresser, for å kople region vår tettare på naboregionane, samt betre tilbodet i regionen.

Ferjeri E39, vintersikker E134 og Sunnfast er tre av dei mest avgjerande samarbeidsprosjekta, for at me skal lukkast i arbeidet med å utvikle ein region som er attraktiv både for næringslivet, reiselivet, studentar og innbyggjarar. Me skal og jobba for at flest mogleg tilførselsveggar til E39 vert klassifiserte som overordna og me må få avkorta reisetida mellom Stord og Kvinnherad. Me vil fortsetje arbeidet med å kartlegge den

16 ARSMELDING 2022



optimale hurtigbåtruta for Sunnhordland.

Eit anna viktig prosjekt for oss i 2023 blir Rein Hardangerfjord.


Prosjektet skal som i fjor gjennomførast saman med Framtidshavet og Hardangerrådet IKS. Sunnhordland deler reiselivsdestinasjonar og næringsliv med Hardanger, i tillegg til at me deler verdas vakreste fjord. Det blir Noreges største strandryddeaksjon, og vil fungere som eit pilotprosjekt for korleis me skal drive strandrydding i Noreg frametter.

Sunnhordland er ein tung olje- og gassregion, og med oljeskattepakken i 2020 er ordrebøkene fullbooka i tida frametter. Samstundes veit me at det høstar med grøn omstilling. Det offentlege må være ein aktiv pådrivar for at Sunnhordland held tempoet oppe med tanke på funna i rapporten Grøn region Sunnhordland frå 2021. Saman med Haugaland Vekst og Invest In Sunnhordland skal me i 2023 fortsetje det gode samarbeidet med å legge til rette for og fremme havvindregionen Haugalandet og Sunnhordland.

Visit Sunnhordland vil i 2023 ha fokus på sertifiseringa Berekraftig reisemål, og jobbe den inn i strategien for reiselivssatsinga i Sunnhordland. Våren 2023 vil truleg Geopark Sunnhordland få tildelt merket UNESCO Global Geopark. Begge desse sertifiseringane er viktige tiltak for å drive regionen sitt berekraftarbeid framover. Sertifiseringane vil og spele ei viktig rolle i bygge ein attraktiv region, som folk og næring ynskjer å etablere seg i og investere i.

For å synleggjera Sunnhordland sitt regionale arbeid og merkevarerbygging regionen, vil det i løpet 2023 bli lansert ein ny grafisk profil og ny nettside, som truleg vil få namnet Region Sunnhordland. Saman med gode samarbeidspartnarar ser me fram til å gripe nye moglegheiter i 2023, og utvikle Sunnhordland til å bli den føretrekte regionen for både innbyggjarar, framtidige generasjonar, tilreisande og næringslivet!





T: 412 17 024

E: firmapost@sunnhordlandsradet.no

W: www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no

Foto: Ranveig M. Nesse, Toralv Brekke, Arnulf Bie, riceandpotato, Samarbeidsrådet for Sunnhordland





RSM Norge AS

Kanalveien 105 B, 5068 Bergen
Postboks 63, Kristianborg, 5822 Bergen
Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 55 55 77 77
F +47 55 55 77 70

www.rsmnorge.no

Til representantskapet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 242 533. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022 resultatrekneskap og pliktige budsjettopplysningar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilde av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatene for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstjenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese ytterlegare informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, tilleggbestemmelser i lov om interkommunale selskap og forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD
AUDIT | TAX | CONSULTING

RSM Norge AS is a member of the RSM network and trades as RSM. RSM is the trading name used by the members of the RSM network. Each member of the RSM network is an independent accounting and consulting firm which practices in its own right. The RSM network is not itself a separate legal entity in any jurisdiction.

RSM Norge AS er medlem av/s a member of Den norske Revisorforening.



Melding frå uavhengig revisor 2022 for Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Bergen, 23.3.2023
RSM Norge AS

Ragnar Pettersen
Statsautorisert revisor



SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS REKNESKAP 2022

RESULTATREKNESKAP		Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Rekneskap 2021
	Note:			
Tilskot	2	3 915 017	3 391 000	3 585 765
Prosjekttilskot	3	3 716 974		2 471 949
Overførte prosjekttilskot	3	662 480		-954 864
Andre inntekter	4	1 437 752	1 792 000	1 638 709
Sum inntekter		9 732 223	5 183 000	6 741 559
Prosjektkostnader	3	4 379 454		1 517 085
Lønskostnader	5	3 273 300	3 246 000	3 242 858
Avskrivninger	6	20 994		18 391
Driftskostnader		1 857 404	1 937 000	1 758 792
Driftskostnader		9 531 152	5 183 000	6 537 126
Driftsresultat		201 071		204 433
Finansinntekter		45 255		7 869
Finanskostnader		- 3 793		-7 120
Netto finansposter		41 462		749
Overskot/underskot		242 533		205 182

Årets underskot/overskot:

Overskot Samarbeidsrådet	kr 143 875
Overskot Visit Sunnhordland	kr 98 658



BALANSE		2022	2021
Eigendelar			
	Note:		
Anleggsmidler			
Driftsmidler	6	76 916	42 910
Kapitalinnskot KLP	7	147 554	130 169
Investering i datterselskap		30 000	30 000
Sum Anleggsmidler		254 470	203 079
Omløpsmidlar			
Kundefordringer	8	204 494	369 189
Andre kortsiktige krav		8 704	10 943
Til gode m.v.a.		106 967	211 665
Bank	9	3 745 640	3 212 346
Sum Omløpsmidlar		4 065 805	3 804 143
Sum eigendelar		4 320 275	4 007 222
Eigenkapital og gjeld			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	10	100 000	100 000
Opptjent eigenkapital			
Annan eigenkapital		1 759 122	1 615 247
Annan eigenkapital Visit Sunnhordland		567 225	468 567
Sum Eigenkapital		2 426 347	2 183 814
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Periodiserte prosjekter	3	1 162 474	499 994
Sum Langsiktig gjeld		1 162 474	499 994
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		215 432	695 842
Skyldige offentlige avgifter		218 679	277 443
Skyldig mva			
Annan kortsiktig gjeld		297 343	350 130
Sum kortsiktig gjeld		731 454	1 323 415
Sum eigenkapital og gjeld		4 320 275	4 007 223

Sunnhordland, 20. mars 2023

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Styreleiar

Linn Therese Erve
Nestleiar

Sammy Olsen
Medlem

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar



NOTER TIL REKNESKAPEN FOR 2022

Note 1 - Rekneskapsprinsipp:

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslov og tilråding til god rekneskapskikk for mindre selskap i Noreg.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år er uansett klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriteria lagt til grunn.

Anleggsmidlar vurderes til anskaffelseskost, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vera forbigående. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig. Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Langsiktig gjeld oppskrives ikkje til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Omløpsmidlar vurderes til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld oppskrives til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar oppføres til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ein individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg vert det for dei øvrige kundefordringane gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet som normalt vil være leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader vert tatt med etter samanstillingsprinsippet, dvs. at kostnader vert tatt med i same periode som tilhøyrande inntekter vert inntektsført.

Note 2 - Tilskot:

Fylkestilskot - Samarbeidsrådet	kr	300 000
Fylkestilskot - Visit Sunnhordland	kr	450 000
Kommunetilskot	kr	3 165 017
Totalt	kr	3 915 017

Note 3 - Periodiserte prosjekter:

Prosjekt som ikkje er avslutta:	2022	2021	Endring
	kr 1 162 474	kr 499 994	kr 662 480

Det føreligg tilsegn på kr. 3 584 500,- knytt til prosjekt som er sett i gang.

Note 4 - Andre inntekter:

Diverse inntekter	kr	1 392 752
Tilskot observatørar	kr	45 000
Totalt	kr	1 437 752

Note 5 - Lønskostnader m.v:

	2022	2021
Løn	2 453 617	2 326 349
Arbeidsgjevaravgift	405 712	416 439
Pensjonskostnadar	378 624	486 151
Andre ytelser	35 346,68	13 919
Totalt	3 273 300	3 242 858

Selskapet har hatt 4,1 årsverk. Dette inkl. 0,3 årsverk tilknytt prosjekt.



Selskapet har plikt til å ha pensjonsforsikring for sine tilsette.

Selskapet har pensjonsforsikring for sine tilsette gjennom KLP med standard vilkår for tilsette i kommunar.

Pensjonsforpliktelsen er i samsvar til god rekneskapskikk for mindre selskap ikkje balanseført.

Note 6 - Driftsmidler (inventar og utstyr):

Kostpris 01.01.22	kr	287 305
+ tilgang 2022	kr	55 000
- Akk. avskrivningar	kr	265 389
Sum	kr	76 916
Årets avskrivningar	kr	20 994

Note 7 - Innskot KLP:

Innskot i KLP er endra med innskot i året.

Note 8 - Andre kortsiktige krav:

Utestående krav pr. 31.12.22 er oppførde til pålydande - avsetning tap på fordringer.

Note 9 - Bank:

Av dette er bundne midlar på kr. 122 917,- knytt til skatt.

Note 10 - Selskapskapital:

Selskapet er eigd med 1/8 kvar av følgjande kommunar:

- | | |
|---------------------|----------------------|
| * Austevoll kommune | * Kvinnherad kommune |
| * Bømlo kommune | * Stord kommune |
| * Etne kommune | * Sveio kommune |
| * Fitjar kommune | * Tysnes kommune |